



«Mottakernavn»

«Adresse»

«Postnr» «Poststed»

«Kontakt»

Kontakt saksbehandlar

Tiril Marie Jansen, 51 56 87 06

Tildeling av skjønnstilskot til utvikling og innovasjon 2025

I brev av 22. august 2024 inviterte vi til ein søknadsrunde for kommunale utviklings- og innovasjonsprosjekt med søknadsfrist 1. november 2024. Statsforvaltaren i Rogaland har no fordelt 14 millionar kroner til 16 prosjekt.

Om prosjekta som har fått tilskot

Sola kommune får 500 000 kroner til prosjektet «Beredskapsteam, sykepleiere og fastleger i beredskap for kommunehelsetjenesten», som skal opprette ein dedikert funksjon for sjukepleiarar i beredskap. Kommunen samarbeider med Bjerkreim.

Sandnes kommune får 1 215 000 kroner til prosjektet «Fra vurdering til selvstendighet: En ny modell for tildeling av hjemmetjenester». Prosjektet skal utvikle ein ny modell for vurdering, tidleg innsats og tildeling av tenester til nye søkarar av heimetenester, inspirert av en modell i Bergen kommune.

Hjelmeland kommune får 500 000 kroner til prosjektet «Pensjonist i Hjelmeland Naturlegvis», som skal få til ei strukturendring kor ein skapar begeistring, ved å gjera eit eksisterande omsorgssenter om til eit attraktivt bumiljø for komande pensjonistar.

Klepp kommune får 345 000 kroner til prosjektet «Robust klimaomstilling i landbruket. Prosjektet er eit samarbeidsprosjekt mellom 16 kommunar i fylket som skal løfte kompetansen i landbruket, biogassbransjen, offentleg forvaltning og politikarar for å bidra til at etablering av biogassanlegg i Rogaland fører til ønske klimaomstilling. Statsforvaltaren støtter prosjektet med same beløp som fylkeskommunen.

Strand kommune får 1 100 000 kroner til prosjektet «SAMLEV – samlokalisering og tjenesteutvikling av oppvekst- og levekårstjenester». Prosjektet har som mål å vidareutvikle tiltak og samarbeide på nye måter når 5 verksemder frå kommunalområdene levekår og opplæring samlast i et nytt bygg.

Lund kommune får 300 000 kroner til prosjektet «Veiledning i Dalane» som er et samarbeidsprosjekt med Eigersund, Hå, Bjerkreim, Sokndal, Dalane utdanningscenter, UiS og Rogaland Fylkeskommune.



Prosjektet er knytt opp mot prosjektet «Distriktsvennlig sykepleieutdanning i Dalane», og denne delen av prosjektet vil utdanne rettleiarar da det er mangel på rettleierkompetanse.

Gjesdal kommune får 1 500 000 kroner til prosjektet «Tidlig rekruttering til barnehageyrket». Prosjektet handlar om å tilsette ungdommar i 10. klasse til å arbeide i kommunens barnehagar på ettermiddagane. Ungdommane vil avlaste dei tilsette i barnehagane i den travle hendetida samtidig som dei får verdifull arbeidserfaring.

Haugesund kommune får 340 000 kroner til prosjektet «Pilot porteføljestyling». Prosjektet skal etablere porteføljestyling som verktøy for å sikre ei heilskapleg prioritering av utviklingsprosjekta på tvers av tenesteområda.

Stavanger kommune får 500 000 kroner til prosjektet «Hjernevennlig skole». Prosjektet har som mål at barn og vaksne skal få økt kunnskap om barnehjernen og få hjelp til å legge opp skolekvardagen på en måte som forebygger psykisk uhelse, samt auke barnas moglegheiter for læring. Prosjektet samarbeider med UiS.

Karmøy kommune får 800 000 kroner til prosjektet «Kommunalt legemiddelteam». Prosjektet fekk også midlar for 2024. Prosjektet samarbeider med FHI og undersøker om et legemiddelteam bestående av apotekteknikarar og farmasøytar kan nyttas til oppgåver rundt legemidlar som i dag ivaretas og utførast av skole- og barnehagelærarar, sjukepleiarar, vernepleiarar, leger og helsefagarbeidarar.

Sandnes kommune får 850 000 kroner til prosjektet «Klima- og naturkommunikasjon for å heve kunnskap og aksept i Sandnes kommune». Prosjektet skal gjennom effektivt og innovativt kommunikasjonsarbeid klare å auke kunnskapen om utfordringane relatert til klima og natur, både blant innbyggjarane i kommunen, og internt i egen organisasjon.

Karmøy kommune får 2 000 000 kroner til prosjektet «Unntak fra kvalifikasjonsprinsippet». Det skal etablerast ei prosjektgruppe som skal identifisere aktuelle kandidatar for inkluderande rekruttering gjennom NAV sine system. Kommunen har som mål at 10 % av tilsettingane i prosjektperioden skal foretas gjennom inkluderande rekruttering. Det er ein forutsetning at kommunen held seg innanfor gjeldande regelverket for offentlege tilsettingar.

Hå kommune får 1 000 000 kroner til prosjektet «Digitalisering av tilsyn». Prosjektet er et samarbeidsprosjekt med kommunane Gjesdal, Time og Klepp. Målet er å utvikle et system som samlar, strukturerer og lagrar data, samt bearbeider og analyserer data for å bidra til meir kvalitet og effektivitet i risikovurderingar som grunnlag for tilsyn.

Stavanger kommune får 850 000 kroner til prosjektet «Sammen på god vei – del 3». Prosjektet samarbeider med Klepp, Sola, Strand, SUS og USHT om å handtere korttidsopphald på sjukeheim.

Tysvær kommune får 1 500 000 kroner til prosjektet «Systematisk fallforebygging for hjemmeboende eldre i Tysvær kommune». Prosjektet skal gjennom å etablere et tverrfagleg fallteam betre kvaliteten i tenesta og forebygge fall, særleg fall med store skader.

Randaberg kommune får 700 000 kroner til prosjektet «Innsjøinterne tiltak i Hålandsvatnet», som er eit samarbeid med Stavanger, UiS, NORCE, NIVA, Jæren vannområde, Hålandsvatnet Grunneigarlag, Rogaland Fylkeskommune og Statsforvaltaren i Rogaland. Prosjektet skal etablere kunnskapsgrunnlaget og samle inn moglege løysingsforslag til innsjøinterne tiltak.



Meir om tildelinga

Det kom inn til saman 36 søknader frå 16 kommunar, med fleire samarbeidskommunar. Det var mange sterke søknader innan ulike fagområde. Statsforvaltaren har lagt dei tre satsingsområda til grunn for vurdering av søknadane: barn og unge, klimaomstilling og berekraftige velferdssamfunn. Eigne retningslinjer frå Kommunal- og distriktsdepartementet ligg òg til grunn, saman med vurdering av prosjektorganisering, grad av innovasjon, grad av tverrfagleg samarbeid og samarbeid på tvers av kommunane og ikkje minst overføringsverdi til andre kommunar. Vi har i tillegg lagt vekt på ein geografiske fordeling i fylket. Statsforvaltarens barne- og ungdomspanel ga råd om prioriteringa mellom dei søknadene som var spesielt retta mot barn- og unge. Vi har også innhenta råd frå KS Rogaland.

For å sikre overføringsverdi blir tilskot tildelt under føresetnad av at resultatane frå prosjekta blir delte med dei andre kommunane i Rogaland. Berekraftsuka 2025 er ei aktuell arena for formidling av resultatane. Statsforvaltaren skal og formidle resultatane gjennom Prosjektportalens offentlege side: prosjektskjonn.statsforvalteren.no/offentlig. Vi vil også ha en dialog med prosjekta som får tildelt midlar for 2025 gjennom prosjektperioden.

Her er ei samla oversikt over prosjekta og fordelinga av skjønnskotet:

Prosjektnummer	Prosjektnamn	Kommune	Beløp
11-24-0001	Beredskapsteam, sykepleiere og fastleger i beredskap for kommunehelsetjenesten	Sola	500 000
11-24-0016	Fra vurdering til selvstendighet: En ny modell for tildeling av hjemmetjenester	Sandnes	1 215 000
11-24-0020	Pensjonist i Hjelmeland Naturlegvis	Hjelmeland	500 000
11-24-0025	Robust klimaomstilling i landbruket	Klepp	345 000
11-24-0029	SAMLEV – samlokalisering og tjenesteutvikling av oppvekst- og levekårstjenester	Strand	1 100 000
11-24-0031	Veiledning i Dalane	Lund	300 000
11-24-0036	Tidlig rekruttering til barnehageyrket	Gjesdal	1 500 000
11-24-0037	Pilot porteføljestyling	Haugesund	340 000
11-24-0044	Hjernevennlig skole	Stavanger	500 000
11-24-0046	Kommunalt legemiddelteam	Karmøy	800 000
11-24-0050	Klima- og naturkommunikasjon for å heve kunnskap og aksept i Sandnes kommune	Sandnes	850 000
11-24-0052	Unntak fra kvalifikasjonsprinsippet	Karmøy	2 000 000
11-24-0054	Digitalisering av tilsyn	Hå	1 000 000
11-24-0055	Sammen på god vei – del 3	Stavanger	850 000
11-24-0058	Systematisk fallforebygging for hjemmeboende eldre i Tysvær kommune	Tysvær	1 500 000
11-24-0059	Innsjøinterne tiltak i Hålandsvatnet	Randaberg	700 000

Frist for rapportering 1. mars 2025

Det er ein føresetnad at kommunar som er tildelt skjønnskot til utvikling og innovasjon rapporterer innan **1. mars 2025**. For prosjekt som har fått tildelt tilskot ved tidlegare tildelingar, og som ikkje har levert endeleg rapport, gjeld og fristen 1. mars 2025.



Prosjekt som er avslutta skal levere endeleg rapport, med omtale av dei mål kommunen har nådd, erfaringar med prosjektet, oppfølging i ordinær drift, gevinstrealisering og økonomi. Resultata frå prosjekta må vera dokumenterte for å sikre overføringsverdi og gjennomtenkt pengebruk. Legg ved eigen prosjektrapport og -rekneskap.

Ved tildeling av tilskot til utvikling og innovasjon, vil vi legge vekt på om kommunen har rapportert på prosjekta sine innan fristen.

Forutsetningar for tildeling

Skjønntilskot til utvikling og innovasjon skal berre gå til formålet som er skissert i prosjektsøknaden. Dersom eit prosjekt ikkje er gjennomført som planlagt, og kommunen derfor ikkje har brukt det tildelte tilskotet i tråd med søknad, skal kommunen rapportere om dette og betale tilskotet tilbake.

Tilskot frå Statsforvaltaren skal ikkje gå til vanleg drift, men hjelpe kommunane til å prøve ut løysingar som kan gje betre eller meir effektive tenestetilbod og styrke kommunane sine ulike roller. Rapportering og erfaringsdeling er viktige virkemidlar for å få nytte av tilskotet til innovasjon og fornying i heile fylket.

Statsforvaltaren oppfordrar kommunar som får tildelt tilskot til prosjekt med liknande tematikk til å kontakte kvarandre og gjerne dele erfaringar undervegs.

I tråd med utlysinga av tilskotet krev vi kommunal eigenfinansiering av prosjekta. Tildelingane blir lagt inn i den vanlege prosjektportalen: prosjektskjonn.statsforvalteren.no innan 6. desember. Der det er aktuelt, vil vi gjennom portalen gi beskjed om viktige forutsetningar som ligg til grunn for tildelinga. Det er derfor viktig at dei som har fått tildelt midlar følgjer med på tildelinga i prosjektportalen.

Vi gjer merksam på at midlane vil kome som del av 1. terminutbetaling av rammeoverføringa. Dette er eit samlebreve til alle kommunane i Rogaland.

Med helsing

Bent Høie (e.f.)
statsforvalter

Monica Nessa
avdelingsdirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent

Adresseliste:

Sauda kommune
Suldal kommune

Postboks 44
Eidsvegen 7

4201 Sauda
4230 Sand



Hjelmeland kommune	Vågavegen 116	4130	Hjelmeland
Strand kommune	Postboks 115	4126	Jørpeland
Sandnes kommune	Postboks 583	4305	Sandnes
Gjesdal kommune	Rettedalen 1	4330	Ålgård
Bjerkreim kommune	Postboks 17	4389	Vikeså
Lund kommune	Moiveien 9	4460	Moi
Sokndal kommune	Gamleveien 20	4380	Hauge I Dalane
Eigersund kommune	Postboks 580	4379	Eigersund
Hå kommune	Rådhusgata 8	4360	VARHAUG
Time kommune	Postboks 38	4349	Bryne
Klepp kommune	Postboks 25	4358	Kleppe
Sola kommune	Postboks 99	4097	SOLA
Randaberg kommune	Pb 40	4096	Randaberg
Stavanger kommune	Postboks 8001	4068	Stavanger
Kvitsøy kommune	Kommunehusveien 6	4180	Kvitsøy
Bokn kommune	Boknatun	5561	Bokn
Karmøy kommune	Postboks 167	4291	KOPERVIK
Utsira kommune	Postboks 63	5547	Utsira
Haugesund kommune	Postboks 2160	5504	Haugesund
Tysvær kommune	Postboks 94	5575	Aksdal
Vindafjord kommune	Rådhusplassen 1	5580	Ølen